

Frå: Naturvernforbundet i Kvam v/ leiar Oddvar Soldal

Kyrhagen 32, 5610 Øystese

Epost: osoldal@online.no

5610 Øystese 30 des. 2011

NVE

Konsesjonssaker

Dykkar ref: NVE200804287-6 ki/baso

Røyrvik kraftverk i Kvam herad, Hordaland

Naturvernforbundet i Kvam går sterkt mot planane om å regulera dei tre vatna: Storavatnet, Vetlavatnet og Øyjordsvatnet. I utgreiinga frå søkjar og handsaminga i heradet er det lagt alt for lite vekt på verknaden på landskapsbilete og dei andre negative verknadane av reguleringa.

Føremålet med planane er i strid med arealvurderinga i kommuneplanen. Der er Storavatnet som er søkt om senka 4 meter i LNF-område med vekt på N (naturverdiar). Dei andre vatna ligg i grenseområde mellom N og L (Landbruk) . Ei regulering med tanke på kraftutbygging er i strid med begge desse føremåla.

Dei tre vatna ligg i eit vakkert, grøderikt landskap. Vatna er grunne. Dersom Storavatnet vert senka 4 meter, vil heile landskapet endra seg. Ei regulering på to meter i dei to andre vatna vil også gje store endringar. Me kan ikkje sjå at desse verknadane er godt nok utgreidd i søknaden og heradet si handsaming.

Helsing Naturvernforbundet i Kvam

Oddvar Soldal, leiar